

Dagsveen (gnr. 45)

Dagsveen: Gardnamn der 1. leden sikkert er namnet Dagr. Forma Dagsveen er dativforma. Nemneforma er i bygdamålet Dagsvea. Men i dativ: t.d. oppi Dagsveen.

Dagsveen er eit av dei yngre sjølvstendige gardsbruk i øvre Nordre Ål. Det eldste ein finn om garden i skrivne kjelder er frå kring 1750. Av interesse er her ei sak frå 1763, som etter utskrift av Fåberg tingbok er referert slik:

”Fåberg 6. okt. 1763.

Til fogdens forespørsel opplyste almuen ang. matrikullen og jordeboken at rydningsmannen Niels Samuelson, som bebod rydningsplassen Dagsveen, anmeldte at hans plass alt er kommet så vidt i stand at han så sig forbunden til å svare for det første de 48 skl. årlig som skattebrevet påbyder, inntil den ved flid og arbeide bringes så vidt at den kan matrikuleres. Ingen her i prestegjeldet har underbruk, hvorav bør svares dobbelt skatt.”

Av Fåberg kyrkjebøker går det elles fram at det da budde ein annan familie i Dagsveen. Den 11 okt. 1761 var det nemleg blant dåpsborna ei jente Marit som var dotter til Lars og Ragnil i Dagsveen. I 1767 er det vidare opplyst at Chresten Engebretsen, som namnet er skrive, var eigar av Dagsvea. Han lånte dei 99 rd. av Christopher Pedersen Boleng og sette ” sin eiende rydningsplads Dagsveen” i pant. Tretten år seinare var Kristen Engebretsen og kona hans blitt gamle folk, og dei overlet da garden til svigerson sin, Nils Mortensen, som var gift med Marit Kristensdtr.

Den 1. aug. 1776 var det skyldsettingsforretning i Dagsveen og Finsveen. Der var Iver Erichsen Lysgård tilstades og sa frå at han og dei andre grannane ingenting hadde imot skyldsettinga når berre skyld vart fråtrekt dei gardane som dei to bruka før låg til. Skylda på Dagsveen vart da sett til 2 skinn.

Av kyrkjebøkene går det vidare fram at Nils Mortensen og Marit Kristensdtr. I tida frå 1781 til 1789 fekk 4 born, det var: 1. Berthe f. 1781, 2. Rønnaug f. 1783, 3. Kristen f. 1786 og 4. Asbjørn f. 1789. Ved sida av sine ekteskapelege plikter dreiv dertil Nils nydyrking på det unge bruket sitt. Da han i 1785 lånte 123 rd. av Christen og Peder Erichsen, sette han såleis rydningsarbeidet på pladsen Dagsveen i pant for lånet.

Da var elles gamle Kristen Engebretsen død, og det hadde i 1781 vore skifte på ”Dagsveen i Faaberg”.

Ved dette skifte utgjorde dødsbuet brutto 184 rd. og netto 39 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Beret Mortensdtr. Dei 7 borna deres i ekteskapet. Av dei var: 1 Engebret da 40 år, 2. Ole 36 år, 3. Kristen 32 år, 4. Nils 25 år, 5. Ingebor var gift med Peder Nilsen ved Skaug, 6. Marit var gift med Nils Mortensen Dagsveen og 7. Kari var 22 år og ugift.

Frå 1791 er ei tinglyst kontrakt mellom brukarane Dagsveen og Finnsveen og Lysgård m. fl. om hamning og drift av krøtera til fjells. Kontrakten er datert 15. febr. 1790 og kan her berre nemnest.

Ni år seinare gav i 1799 Nils Mortensen skjøte til svigerson sin, Hans Pedersen, som var gift med Berthe Nilsdtr., på halvdel av Dagsveen av skyld 1 skinn med hus og jordveig for 60 rd. – Fire år seinare gav så i 1803 Nils Mortensen skjøte til Kristen Kristensen på det andre halve Dagsveen, også Dagsveen av skyld 1 skinn, for 60 rd.

Hans og Berthe Dagsveen fekk i tida frå år 1800 til 1817 fem born: Det var: 1. Asbjørn f. 1800, 2. Else f. 1803, 3. Marit f. 1809 4. Hans f. 1814, t5. Erik f. 1817.

Kristen Kristensen og Rønnaug kona hans budde i Dagsveen i tida frå 1808 til 1821 og fekk i denne tida 4 born. Det var: 1. Kristen f. 1806, 2. Martha f. 1809, 3. Simen f. 1817, 4. Nils f. 1821.

I Dagsveen søre brukte Hans Pedersen garden til i 1818. Da gav han skjøte på Dagsveen av skyld 1 skinn til Ole Olsen. I tida frå 1836 til 1844 vart det så fleire gonger handla med garden, men i 1844 kjøpte Kristen Kristensen Støkket grd. Søndre Dagsveen. Kristen Kristiansen hadde så garden til i 1860 og gav så skjøte til svigersonen Iver Børresen som hadde Dagsveen søre i mange år.

På nordre Dagsveen hadde i 1832 Peder Kristensen tatt over som brukar og hadde Dagsveen nordre til i 1860. Da selde han garden til svigersonen Arne Johansen for sum 200 spd. + eit føderåd av 5-årleg verdi 165 spd.

Ved folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane.

Der er det om gardane Dagsveen fortalt at det samla jordbruksarealet av åker og eng og seterlykkje i den tid var: på Dagsveen nordre ca. 70 mål og på Dagsveen søre ca. 73 mål.

Samtidig er det opplyst at husdyrholdet på Dagsvee søre var: 1 hest, 3 naut og 9 småkrøter og på Dagsveen nordre: 1 hest, 4 naut og 4 småkrøter.

Arne Johansen og kona hans, Kristine Pedersdtr., som i denne tid var husbondsfolk på Dagsveen nordre hadde fleire born. Det var: 1. Johannes f. 1860, 2. Mathea f. 1861, 3- Berthe f. 1863, 4. Peder f- 1867. – Samtidig var Iver Børresen og Karen Kristensdtr. Husbondsfolk på søre Dagsveen, og dei hadde borna: 1. Agnete, f. 1854, 2. Kristian f. 1856, 3. Iver f. 1858, 4. Martinius, f. 1860, 5. Karl f. 1864.

I 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre. – Dagsveen i Fåberg fekk da gardsnr. 45 med samle skyld 1,90 mark, og det var da 3 bruksnr. under gardsnr. 45 Dagsveen. Det var: Gr.nr. 45, br.nr. 1 Dagsveen nordre av skyld 0,95 mark, som framleis tilhørde Arne Johansen, og gr.nr. 45, br.nr. 2 Dagsveen søre av skyld også 0,95 mark, og som framleis tilhørde Iver Børresen.

Året etter gav i 1887 B. Rustaden som verge for Iver Børresen skjøte til Hans Asbjørnsen på grd. Dagsveen søre for kjøpesum kr. 2.000,-. – Femten år seinare vart parsellen br.nr. 3 Kvila fråskild garden og skyldsett til 0,02 mark. Vidare vart i 1909 parsellen br.nr. 4 Dagslid fråskild og skyldsett for 0,15 mark, og etter atter to år vart i 1911 parsellen br.nr. 5 Dagsveen midtre fråskild og skyldsett til 0,30 mark.

Av handlar med Dagsveen eller parseller av gardane i seinare tid tek vi elles med at i 1914 kjøpte kjøpm. G. Haugli gr.nr. 45, br.nr. 6 Furuheim av skyld 0,01 mark, og br.nr. 7 s.

Dagsveen seterskog vart i 1917 seld til Thv. Roverud.

Ved jordbruksregistreringa i 1932 var det altså vorte 7 bruksnummer under gardsnr. 45 Dagsveen. Av desse 7 bruksnr. var det likevel berre 3 bruk som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: a gr.nr, 45 br.nr. 1 Dagsveen nordre med eit jordbruksareal på ca. 30 mål, der Karl Dagsveen da var eigar og brukar, b br.nr. 2 Dagsveen søndre, jordbruksareal ca. 30 mål, eigar og brukar: Ole Aasen, c. gr.nr. 45, 56, br.nr. 4, 1, Dagsli, areal ca. 15 mål, eigar og brukar: Johs. M. Finsveen.